


## Grovplan Litlegruppa

Årsplan og pedagogisk grovplan er arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Desse planane skal gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

### Januar og Februar 2020

Fagområde Fokus Tema	Kva seier Rammeplan Kva vil barnehagen legge vekt på i fagområda :	Barnehagen om rammeplanen sine føringar, og barnehagen sitt verdigrunnlag	Rammeplan er tydeleg på at personalet skal:
<p>Tilvenning Leik og venskap</p> <p><b>Kommunikasjon, språk og tekst</b></p>  <p>Vinter</p> <p>Samefolkets dag Estlands nasjonaldag Fastelaven karneval Morsdag</p> <p><b>Språkløyper</b> Gjennomgåande tema, heile året</p>	<p>*Verte kjend med nye barn i barnehagen gjennom fri-leik og samvær på tvers av avdelingane (gruppene)</p> <p>*Skape ro og trygge omgivnadar.</p> <p>*Gi omsorg og sjå det enkelte barnet.</p> <p>Nytte uteområde, finne bakkar for å renne, leike og forme med snø</p> <p>&gt; Bruke konkretar og hjelpemiddel for å betre synleggjere ord og omgrep si betyding. Repetere , legge til rette for at barnet får trene desse i naturlege settingar.</p> <p>&gt; Bruke naturelege settingar til å trene språk-samtale -(alle rutinesituasjonar)</p> <p>&gt; «Lese»/snakke/samtale i bokformidlingssituasjonar</p>	<p>*Gje dei nye barna på avdelinga tid til å verte kjende. Verte kjend med nye barn og vaksne. Barnehagen jobbar for å skape eit nært samarbeid med heim og familie.</p> <p>*Skape samhald, fellesskap og tryggleik i gruppa.</p> <p>*Gje rom for at barna får uttrykkje kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar.</p> <p><b>*Språk hjelper barnet til å utvikle relasjonar, og å delta i leik. Språk er og viktig fordi det hjelper barnet å løyse konflikhtar.</b></p> <p>*Stimulere til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.</p> <p>*Leik med språket stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.</p>	<p>*Arbeide for at alle barn får erfare at dei er verdifulle og viktige for fellesskapen.</p> <p>*Skape ro og trygge omgivnadar.</p> <p>*Gi omsorg og sjå det enkelte barnet.</p> <p>*Bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile.</p> <p>*Støtte barns refleksjon rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei.</p> <p>* Bruke tid på å finne bøker som passar ulike aldersgrupper, og å forberede seg som vist i språkløypeopplegg</p> <p>*Oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme.</p> <p>* Gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utafør barnehageområde</p> <p>*Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken ved å ta initiativ til leik, og aktivt bidra til at alle kjem inn i leik</p>

--	--	--	--